



**Statens vegvesen**



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Stranda kommune  
Øyna 13  
6200 STRANDA

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region midt Jan-Kristian Janson / 90412554 18/7001-2 18.01.2018

## Fylkesveg 60 i Stranda kommune – Fråsegn til oppstart av reguleringsplan for gangveg – Sløgstadmarka

Viser til dykkar brev av 11.01.2018.

Statens vegvesen registrerer engasjementet knytt til den aktuelle gangvegen og er i utgangspunktet positiv til initiativet. Vi ber likevel om at planlegging og realisering vert samordna i best mogleg grad ved gjennomgangen av økonomiplanen for fylkeskommunen.

Når det gjeld sjølve planlegginga føreset vi at den vert utført i tråd med Statens vegvesen sine handbøker og normalar. Samling av enkeltavkjørsle til felles avkjørsle må vurderast nærmare. Ein må også ta omsyn til ein funksjonell og føremålstenlig drift og vedlikehald av gangvegen og fylkesveg 60. Gangvegen som allereie er bygd lenger nord er i smalaste laget.

Sidan det er Møre og Romsdal fylkeskommune som formelt skal bygge gangvegen og Stranda kommune har signalisert behov for vidareføring av vass- og avlaupsleidningar i området ber vi om at det i føresegne innarbeidast eit punkt om at før realisering må prosjektet vurderast med tanke på samordning av desse elementa. Ein vil då få avklart om det er tenleg å inngå ein gjennomføringsavtale for å regulere dei nemnde forholda med tanke på ansvar og roller.

Når planen vert meir konkret vil vi vurdere ytterlegare innspel.

Prosjektet er i seg sjølv eit trafikktryggleikstiltak og våre faglige råd er såleis knytt til vårt sektoransvar vedkomande trafikktryggleik.

---

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegene, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegene. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegene på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse	Telefon: 22 07 30 00	Kontoradresse	Fakturaadresse
Statens vegvesen		Vestre Olsvikveg 13	Statens vegvesen
Region midt	firmapost-midt@vegvesen.no	6019 ÅLESUND	Regnskap
Postboks 2525			Postboks 702
6404 MOLDE	Org.nr: 971032081		9815 Vadsø

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

Lisbeth Smørholm  
seksjonsleder

Jan-Kristian Janson

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE